

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anita Hop, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 14/1238-1

### Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar

#### Framlegg til vedtak:

#### Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesdirektøren får fullmakt til lyse ut og setje i gang innføringsgruppene for minoritetsspråklege ved Sogndal vidaregåande skule, Øyrane vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule. Det må vere minimum 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.
2. Ved søknad til vg1 skuleåret etter vil søkjarar med ungdomsrett frå innføringsgruppene ikkje få reservert plass.
3. Innføringsgruppene skal bruke læreplanane i fellesfaga frå vg1 yrkesfag.
4. Innføringsgruppene vert rekna som år 0 og gir difor ikkje rettar etter opplæringslova.
5. Søkjarane må ha karakterar frå grunnskule eller dokumentere fagleg nivå med karakterar ved søking til innføringsgruppene
6. Tilbodet er føresett finansiert innanfor den økonomiske ramma for tenesta 5600 Tilpassa opplæring.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

## **1. Bakgrunn for saka**

I hovudutval for opplæring 29.11.2011 vart det i sak 25/11 «Innføringsgrupper for minoritetsspråklege» gjort følgjande vedtak:

- «1. *Fylkesdirektøren får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgrupper ved tre av dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.*
2. *Det må vere minimum fem søkjarar med ungdomsrett for å setje i gang tilbodet*
3. *Ved søknad til vg1 skuleåret etter vil søkjarar med ungdomsrett frå innføringsgruppene få reservert plass på eit av sine tre ønskje.*
4. *Tilbodet er føresett finansiert innanfor den økonomiske ramma for teneste 2501 tilpassa opplæring»*

Kunnskapsdepartementet har gjort endringar i forskrift om inntak og formidling i vidaregåande opplæring i opplæringslova kap. 6. Endringane vart gjeldande frå 3. september 2013. Dette får følgjer for inntaket av minoritetsspråklege søkjarar i vidaregåande opplæring.

Bakgrunnen for endringane i inntaksforskrifta var:

- Å ivareta søkjarane sin rettstryggleik
- Å få ein meir lik praksis mellom fylkeskommunane
- Reglane må fungere i praksis
- Rettar som elevane har etter lova skal oppfyllest.

Endringane i inntaksforskrifta gjer at vedtak i sak 25/11 må endrast.

Fylkesdirektøren ber om fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgruppene på dei skulane der tilbodet ligg i dag. Kontinuitet er viktig, og for søkjarane til innføringsgruppene er det viktig at innføringsgruppene finst fleire plassar i fylket. Store reiseavstandar og eit eventuelt hybeltilvære for denne gruppa vil verke demotiverande i høve til å søkje tilbodet.

Det er i dag eit krav om 5 elevar før ein set i gang tilbodet. Innføringsgruppa er ein sosial opplæringsarena for elevane. Ein del av norskopplæringa er å kunne forhalde seg til dei andre elevane med eit felles språk. Ved få søkjarar forsvinn dette høvet til samhandling. Vi ser at det kan bli problematisk å starte opp innføringsgrupper i Sogn og Fjordane dersom kravet om minimum 5 søkjarar vert endra.

Den nye inntaksforskrifta gjev ikkje lenger høve til å reservere plassar for søkjarar frå innføringsgruppene. Søkjarane skal konkurrere seg inn i vidaregåande opplæring på karakterpoeng. På lik line med andre fylkeskommunar gjev ikkje Sogn og Fjordane vurdering og karakterar for innføringsgruppene. Dersom søkjarane skal fylle vilkåret om karakterar ved innsøking, må dei ha karakterar frå grunnskule ved innsøking. Det er difor ønskjeleg å innføre karakterkrav for søkjarar til innføringsgruppa.

Kravet til dokumentasjon vert no skjerpja, og det vert ikkje mogeleg å ta inn søkjarar til innføringsgruppene utan at tidlegare skulebakgrunn er dokumentert. Mange av desse søkjarane kjem frå land med krig og konfliktrar. I mange tilfelle er dokumentasjon på gjennomført skulegong forsvunnen, og det har vore vanskeleg for søkjarane å dokumentere reell utdanning. Samstundes legg ny inntaksforskrift opp til at meir av ansvaret for å dokumentere tidlegare utdanning vert lagt til innsøkjande instans. I mange tilfelle vil dette bety at kommunane no både får eit større ansvar for å dokumentere utdanning, for og å realkompetansevurdere søkjarane før inntak til innføringsgruppene

I Sogn og Fjordane er det pr. i dag ikkje felles læreplan for innføringsgruppene. Dette medfører at tilboda er ulike på dei tre skulane med innføringsgrupper. Ut frå modellar frå andre fylke ønskjer vi å innføre felles læreplan med fellesfaga frå vg1 yrkesfag. Dette gjeld engelsk(3 t/v), norsk(2 t/v), matematikk(3 t/v), kroppsøving(2 t/v) og naturfag(2 t/v), og i tillegg samfunnsfag frå vg2 (3 t/v). Dette vil gje totalt 15 timar. Dette vil gje skulane høve til å fylle opp resterande 13 timar med ekstra norskundervisning ut frå læreplan i norsk vg1, til totalt 28 veketimar. Det vert anbefalt at

«Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter» og «Læreplan i norsk for elever i vgo med kort botid i Norge» vert nytta som støtteverktøy i norskopplæringa.

Innføringsgruppene i Sogn og Fjordane vert rekna som år 0. Dette betyr at elevane ikkje nyttar seg av opplæringsretten . Dei har heller ingen rettar etter opplæringslova. Dette betyr igjen at elevane heller ikkje har rettar til spesialundervisning etter §5.1 i opplæringslova. Opplæringa i innføringsgruppene skal vere tilpassa elevane sine behov.

## **2. Konklusjon**

Det vart hausten 2013 gjort endringar i forskrift til opplæringslova om inntak til vidaregåande opplæring. Dette medfører og endringar i inntaksgrunnlaget for innføringsgrupper for minoritetsspråklege søkjarar. Endringane gjeld både krav til karaktergrunnlag og dokumentasjon som skal følgje søknaden Fylkesdirektøren rår til at inntaksreglane for innføringsgruppene vert endra i tråd med ny inntaks- og formidlingsforskrift.